



Innst. 112 S

(2011–2012)

Innstilling til Stortinget fra utenriks- og forsvarskomiteen

Prop. 20 S (2011–2012)

Innstilling fra utenriks- og forsvarskomiteen om endringer i statsbudsjettet for 2011 under Utanriksdepartementet

Til Stortinget

Sammendrag

Programområde 02 Utanriksforvaltning

Det blir gjort framlegg om å auke ulike postar med til saman 9,2 mill. kroner og redusere andre postar med 442,61 mill. kroner.

Endringane har i hovudsak samanheng med endra takt i utbetalingar til EØS-finansieringsordningane.

Det er også reduserte behov for løyvingar til kon-tingentar i internasjonale organisasjonar som Noreg er medlem i, m.a. til FN, FNs fredbevarande opera-sjonar, EFTA og NATO.

Programområde 03 Internasjonal utviklingshjelp

Det blir gjort framlegg om å auke ulike postar med 158,7 mill. kroner og redusere andre postar med til saman 464,7 mill. kroner.

På grunnlag av revidert overslag blir løyvinga til flyktningiltak i Noreg (ODA-godkjende utgifter) over budsjettet for utviklingshjelp foreslått redusert med 444,4 mill. kroner, jf. omtale under kap. 167 nedafor. Deler av innsparringa blir i denne proposisjo-nen foreslått omdisponert til andre utviklingstiltak. I tillegg til dette er det enkelte andre mindre justerings-forslag.

Forslag til løyvingar

Programområde 02 Utanriksforvaltning

KAP. 100 UTANRIKSDEPARTEMENTET

Post 1 Driftsutgifter

Det blir gjort framlegg om ei tilleggsloyving på 900 000 kroner.

Forslaget er knytta til sekondering av stilling til NATO og delfinansiering av stilling i Murmansk i samband med bortfall av finansiering frå Innovasjon Norge.

Tilleggsloyvinga er foreslått finansiert ved at løy-vingane på kap. 100, post 71 Diverse tilskot og kap. 118, post 70 Nordområdetiltak og prosjektsamarbeid med Russland blir reduserte tilsvarande, jf. nærmare omtale nedafor.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Det blir gjort framlegg om ei tilleggsloyving på 2,3 mill. kroner.

Etablering av ein ny Schengen notatbase er eit samarbeidsprosjekt mellom Utanriksdepartementet og Justisdepartementet, der Utanriksdepartementet skal dekke 1,55 mill. kroner av investeringsutgiftene og Justisdepartementet skal dekke 2,3 mill. kroner. Dei løpande driftsutgiftene vil bli dekkja over Utanriksdepartementet sitt budsjett. I denne samanhengen foreslås det å overføre 2,3 mill. kroner frå kap. 400 Justisdepartementet, post 1 Driftsutgifter til kap. 100 Utanriksdepartementet, post 21 Spesielle driftsutgif-ter.

Post 71 Diverse tilskot

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon i løy-vinga på 400 000 kroner.

Det blir vist til forslaget om auka løyving til dek-king av lønnsutgifter, jf. omtale under kap. 100 post

1 ovafor. 400 000 kroner av denne tilleggsløyvinga blir foreslått omdisponert frå kap. 100, post 71 Diverse tilskot.

KAP. 116 DELTAKING I INTERNASJONALE ORGANISASJONAR

Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar

Det blir gjort framlegg om reduksjon i løyvinga på 119,71 mill. kroner.

Reduksjonsforslaget på netto 119,71 mill. kroner skuldast reviderte budsjett, herunder endra valutakurs for m.a. kontingentar til FN (- 26,6 mill. kroner), FN's fredsoperasjonar (- 47 mill. kroner), EFTA (- 28,437 mill. kroner), FAO, WHO og ILO (- 1,6 mill. kroner), NATO (- 18 mill. kroner), Europarådet (- 3,5 mill. kroner), OECD (- 1,84 mill. kroner), Østersjørådet (- 90 000 kroner), Nordisk Ministerråd, (+ 2,435 mill. kroner), WTO (+ 2,125 mill. kroner), IAEA (+ 1,6 mill. kroner), Den internasjonale straffedomstol (+ 461 000 kroner), Kommisjonen for bevaring av marine ressurser (+ 53 000 kroner), Organisasjonen for omfattende prøvestans CTBTO (+ 433 000 kroner) og Organisasjonen for forbod mot kjemiske våpen (+ 250 000 kroner).

KAP. 117 EØS-FINANSIERINGSORDNINGANE

Samla foreslås det ein reduksjon i løyvingane under kap. 117 EØS-finansieringsordningane på 322 mill. kroner fordelt på følgjande postar:

- Post 72 EØS-finansieringsordninga 2004–2009, kan overførast. Det blir gjort framlegg om reduksjon i løyvinga på 40 mill. kroner. Noreg, Island og Liechtenstein sitt sekretariat for EØS-finansieringsordningane i Brussel – Financial Mechanism Office (FMO) – som forvaltar ordninga har utarbeidd nye prognosar for kva som vil bli utbetalt under avtalen i 2011. Dei nye prognosane tilseier at løyvinga i år kan reduserast med 40 mill. kroner. Reduksjonen skuldast innsparingar i prosjektgjennomføringane, nedskalerte prosjekt og prosjekt som ikkje blir ferdige, og endra valutakurs.
- Post 73 Den norske finansieringsordninga 2004–2009, kan overførast. Det blir gjort framlegg om reduksjon i løyvinga på 200 mill. kroner. FMO i Brussel som forvaltar ordninga har utarbeidd nye prognosar for utbetaling under avtalen i 2011. Nye prognosar tilseier at løyvinga i år kan reduserast med 200 mill. kroner. Reduksjonen skuldast innsparingar i prosjektgjennomføringane, nedskalerte prosjekt og prosjekt som ikkje blir ferdige, og endra valutakurs.
- Post 74 Bilaterale samarbeidsprogram med Bulgaria og Romania 2007–2009, kan overførast.

Det blir gjort framlegg om reduksjon i løyvinga på 82 mill. kroner. Nye prognosar for utbetaling under samarbeidsprogramma for 2011 frå Innovasjon Norge som forvalter ordninga, tilseier at løyvinga under ordninga kan reduserast med 82 mill. kroner. Forslaget til reduksjon skuldast i hovudsak innsparingar i prosjektgjennomføringa, nedskalerte prosjekt, prosjekt som ikkje blir ferdige, og endra valutakurs.

KAP. 118 NORDOMRÅDETILTAK M.M.

Post 70 Nordområdetiltak og prosjektsamarbeid med Russland, kan overførast

Det blir gjort framlegg om reduksjon i løyvinga på 500 000 kroner.

Forslaget er knytta til delfinansiering av stilling i Murmansk, jf. omtale ovafor under kap. 100 post 1.

Post 71 Støtte til utvikling av samfunn, demokrati og menneskerettar m.m., kan overførast

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 6 mill. kroner.

Dekking av visse utgifter til anti-terroretiltak kan ifølge OECD/DAC sitt regelverket ikkje klassifiserast som offisiell utviklingshjelp (ODA), jf. omtale under kap. 164 post 72 nedafor. Hittil har enkelte slike utgifter vore løyvde over budsjettet for utviklingshjelp under kap. 164 post 72. Det blir i denne proposisjonen gjort framlegg om at antiterroriltak skal dekkast av løyvinga under kap. 118 post 71 under programområde 02.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga på posten med 6 mill. kroner, som blir foreslått omdisponert frå kap. 164 post 72/03-området, jf. omtale under posten nedafor.

Programområde 03 Internasjonal utviklingshjelp

KAP. 163 NAUDHJELP, HUMANITÆR HJELP OG MENNESKERETTAR

Post 71 Humanitær hjelp, kan overførast

Det blir gjort framlegg om ei tilleggsløyving på 44,4 mill. kroner.

Uroa i verdsøkonomien bidrar til at ulike land si økonomiske støtte til FN, Raude Kross og andre humanitære organisasjonar går attende. Mange av dei store humanitære aktørane har ikkje ledig kapital og opplever finansiell krise. Mot slutten av året er det særleg behov for å fylle på med ikkje-øyremerka midlar til FN's naudhjelpsfond, dei store humanitære FN-organisasjonane som UNHCR, WFP, UNICEF og OCHA i tillegg til Den internasjonale Raudekrosskomiteen (ICRC).

Midlane er tenkt nytta til tiltak i land der Noreg i lengre tid har hatt eit humanitært engasjement; som

Sudan, Sør-Sudan, Afghanistan, Somalia, Den demokratiske republikken Kongo og dei okkuperte palestinske områda. I tillegg er det behov for humanitær hjelp til Libya, Elfenbeinskysten, Liberia, Afrikas Horn og Pakistan.

KAP. 164 FRED, FORSONING OG DEMOKRATI

Post 72 Utvikling og nedrustning, kan overførast

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon i løyvinga på 10 mill. kroner. 4 mill. kroner av dette er knytta til mindrebehov på posten i år, og 6 mill. kroner er knytta til antiterroriltak. Antiterroriltak er ikkje klassifisert som offisiell utviklingshjelp (ODA), jf. OECD/DAC sitt regelverk og vil såleis ikkje inngå i løyvingane under programområde 03 Internasjonal utviklingshjelp. I denne proposisjonen blir det difor gjort framlegg om å omdisponere 6 mill. kroner til kap. 118 post 71 under programområde 02, jf. nærmare omtale under kap. 118 post 71 ovafor.

KAP. 167 FLYKTNINGILTAK I NOREG, GODKJENT SOM UTVIKLINGSHJELP (ODA)

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Det blir gjort framlegg om reduksjon i løyvinga på 444,4 mill. kroner.

Løyvinga på denne posten omfattar utgifter til flyktningar i Noreg som etter OECD sine retningslinjer kan klassifiserast som offisiell utviklingshjelp. Dette er ordningar under Kunnskapsdepartementet, Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet og Justisdepartementet, men den delen av utgiftene som kan klassifiserast som utviklingshjelp blir dekkja over budsjettet for utviklingshjelp.

Nye prognosar for 2011 tilseier at løyvinga på posten kan reduserast med 444,4 mill. kroner. 144,4 mill. kroner av desse innsparte midlane blir i denne proposisjonen foreslått omdisponert til andre tiltak/postar på budsjettet for utviklingshjelp. Resterande reduksjon på 300 mill. kroner på kap. 167 post 21 skal dekke tilleggsløyvinga på 300 mill. kroner til hjelp til naudlidande på Afrikas Horn under kap. 163 Naudhjelp, humanitær hjelp og menneskerettar, post 70 Naturkatastrofer, jf. Prop. 152 S (2010–2011).

KAP. 170 FN-ORGANISASJONAR M.M.

Post 76 Tilleggsmidlar via FN-systemet m.m., kan overførast

Det blir gjort framlegg om ein auke i løyvinga på 34,3 mill. kroner.

Auka midlar foreslås i hovudsak gitt til UNFPA og Unicef sitt felles fond mot kjønnslemlesting og til styrking av FN sine utviklingsaktivitetar på landnivå innafor ramma av Eitt FN.

Post 78 Bidrag andre FN-organisasjonar m.m., kan overførast

Løyvinga på posten foreslås redusert med 10,3 mill. kroner grunna mindrebehov i 2011 pga. valuta-kursutviklinga. Innsparte midlar foreslås omdisponert til tiltak under kap. 170 post 76 ovafor.

KAP. 171 MULTILATERALE FINANSINSTITUSJONAR

Post 72 Samfinansiering via finansinstitusjonar

Det blir gjort framlegg om ein auke i løyvinga på 50 mill. kroner.

Forslaget gjeld auka satsing på utdanning gjennom støtte til Global Partnership for Education (tidlegare Fast Track Initiative). Programmet vil spesielt vere retta mot grunnutdanning til jenter, barn i sårbare statar og heving av kvaliteten på utdanning.

KAP. 172 GJELDSLETTE OG GJELDSRELATERTE TILTAK

Post 70 Gjeldsslette, betalingsbalansestøtte og kapasitetsbygging, kan overførast

Det blir gjort framlegg om ein auke i løyvinga på 30 mill. kroner.

Midlane foreslås nytta til gjeldsslette gjennom det internasjonale initiativet for sletting av gjelda til dei fattigaste og mest gjeldstynga landa, HIPC-initiativet.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Laila Gustavsen, Eva Kristin Hansen, Svein Roald Hansen, Tore Nordtun, Anita Orlund og Helga Pedersen, fra Fremskrittspartiet, Jan Arild Ellingsen, Morten Høglund, Siv Jensen, Peter N. Myhre og Karin S. Woldseth, fra Høyre, Peter Skovholt Gitmark, Jonni Helge Solsvik og lederen Ine M. Eriksen Søreide, fra Sosialistisk Venstreparti, Bård Vegar Solhjell, fra Senterpartiet, Trygve Slagsvold Vedum, og fra Kristelig Folkeparti, Dagfinn Høybråten, viser til spørsmål til og svar fra departementet (vedlagt).

Komiteens tilråding

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

I statsbudsjettet for 2011 blir det gjort følgende endringer:

Kap.	Post	Formål	Kroner
100		Utanriksdepartementet	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 1 703 998 000 til kr 1 704 898 000	900 000
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 12 670 000 til 14 970 000	2 300 000
	71	Diverse tilskot, blir redusert med frå 34 861 000 til kr 34 461 000	400 000
116		Deltaking i internasjonale organisasjonar	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar, blir redusert med frå kr 1 316 434 000 til kr 1 196 724 000	119 710 000
117		EØS-finansieringsordningane	
	72	EØS-finansieringsordninga 2004–2009, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 1 485 789 000 til kr 1 445 789 000	40 000 000
	73	Den norske finansieringsordninga 2004–2009, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 1 147 538 000 til kr 947 538 000	200 000 000
	74	Bilaterale samarbeidsprogram med Bulgaria og Romania 2007–2009, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 118 139 000 til kr 36 139 000	82 000 000
118		Nordområdetiltak m.m.	
	70	Nordområdetiltak og prosjektsamarbeid med Russland, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 348 811 000 til kr 348 311 000	500 000
	71	Støtte til utvikling av samfunn, demokrati og menneskerettar m.m., <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 34 786 000 til kr 40 786 000	6 000 000
163		Naudhjelp, humanitær hjelp og menneskerettar	
	71	Humanitær hjelp, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 2 060 100 000 til kr 2 104 504 000	44 404 000
164		Fred, forsoning og demokrati	
	72	Utvikling og nedrustning, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 175 000 000 til kr 165 000 000	10 000 000
167		Flyktningiltak i Noreg, godkjende som utviklingshjelp (ODA)	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med frå kr 1 919 507 000 til kr 1 475 103 000	444 404 000
170		FN-organisasjonar m.m.	
	76	Tilleggsmidlar via FN-systemet m.m., <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 870 200 000 til kr 904 500 000	34 300 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	78	Bidrag andre FN-organisasjonar m.m, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	10 300 000
		frå kr 291 420 000 til kr 281 120 000	
171		Multilaterale finansinstitusjonar	
	72	Samfinansiering via finansinstitusjonar, <i>kan overførast</i> , blir auka med	50 000 000
		frå kr 394 500 000 til kr 444 500 000	
172		Gjeldslette og gjeldsrelaterte tiltak	
	70	Gjeldslette, betalingsbalansesstøtte og kapasitetsbygging, <i>kan overførast</i> , blir auka med	30 000 000
		frå kr 240 000 000 til kr 270 000 000	

Oslo, i utenriks- og forsvarskomiteen, den 7. desember 2011

Ine M. Eriksen Søreide

leder og ordfører

Vedlegg 1**Brev fra utenriks- og forsvarskomiteen v/lederen til Utenriksdepartementet, datert 25. november 2011****Spørsmål til UD angående Prop. 20 S (2011–2012)**

Utenriks- og forsvarskomiteen viser til Prop. 20 S (2011-2012) – Endringer i statsbudsjettet for 2011 under Utenriksdepartementet, og ber om departementets snarlige svar på følgende 2 spørsmål:

I proposisjonen gjøres det rede for en omdisponering av 6 millioner kroner fra kapittel 164, post 72 til kapittel 118, post 70 knyttet til "antiterroriltak". En betydelig andel av russiske antiterroriltak, særlig

knyttet til pågående konflikter i Kaukasus kan ikke sies å være helt ukontroversielle.

1. Hvem mottar disse midlene på russisk side, hvordan benyttes de og hvilken kontroll fører utenriksdepartementet med midlene på mottakersiden?
2. Gir Norge lignende støtte til "antiterroriltak" i andre land, i så tilfelle i hvilket omfang og til hvilke mottakere?

Vedlegg 2**Brev fra Utenriksdepartementet v/utenriksministeren til utenriks- og forsvarskomiteen, datert 1. desember 2011****Statsbudsjettet 2011 – Prop. 20 S (2011-2012) Om endringer i statsbudsjettet for 2011 Svar på spørsmål fra Utenriks- og forsvarskomiteen**

Jeg viser til brev av 25. november d.å. fra Utenriks- og forsvarskomiteen med spørsmål angående Prop. 20 S (2011-2012). Utenriksdepartementet har følgende svar:

1. Utenriksdepartementet gir ikke midler til anti-terroriltak i Russland.
2. Hoveddelen av Utenriksdepartementets støtte til anti-terroriltak er rettet inn mot å støtte opp under gjennomføringen av FNs globale anti-terrorstrategi som ble vedtatt ved konsensus av FNs generalforsamling i 2006.

FNs generalsekretær har opprettet en egen Counter-Terrorism Implementation Task Force (CTITF) for å lede gjennomføringen av denne strategien og mye av Utenriksdepartementets innsats er rettet inn mot å støtte CTITFs prosjekter. Utenriksde-

partementet har i november 2011 inngått en ny avtale med CTITF om støtte på 4 mill. kroner for perioden 2011-2013. Andre FN-organer som UNICRI (FNs institutt for forskning på kriminalitet) og UNODC (FNs kontor for bekjempelse av narkotikahandel og kriminalitet) mottar også støtte fra Utenriksdepartementet over den aktuelle budsjettposten. Utenriksdepartementet støtter også ulike internasjonale forskningsprosjekter innen anti-terrorarbeid og deradikalisering av terrorister, blant annet et prosjekt ledet av Manchester Metropolitan University i Storbritannia.

Omdisponeringen av midler til anti-terroriltak som foreslått i Prop. 20 S (2011-2012) innebærer ingen ny innretning for hvordan eller hvor midlene over den aktuelle budsjettposten skal benyttes, men skyldes utelukkende at visse utgifter til anti-terroriltak som hittil har vært bevilget over bistandsbudsjettets kap. 164 post 72, i henhold til en nylig justering i OECD/DACs regelverk ikke kan klassifiseres som offisiell utviklingshjelp (ODA) og inngår i bevilgninger under programområde 03 Internasjonal bistand.

